

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.09.2016

Handsaming i møtet

Partner Bjarne Ryland og rekneskapsrevisor Espen Hordvik gjorde greie for den framlagte uavhengighetserklæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vidare presenterte dei oversyn over oppgåver Deloitte har levert til Hordaland fylkeskommune utover avtalte revisjonstenester.

Sekretariatet tok opp førespurnad frå leiar i fylkessekretariatet angående om kurs om styreverv som Deloitte har halde kan reknast innanfor avtalen på kjøp av revisjonstenester. Det vart semje om at dette kurset denne gongen ikkje kan reknast som ein del av avtalen med Deloitte. Ved seinare høve vil Deloitte leggje slike kurs inn i forslag til kva kurs som kan inngå i fastprisen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.